



Vedtekter for Foreldreutvalet (FAU) ved Vangen skule

1. Om FAU og FAU sitt mandat

Alle føresette som har barn på skulen, er medlemmer av Foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU). Arbeidsutvalet skal ha moglegheit til å påverke skulekvardagen for å fremja eit godt skulemiljø. FAU Kan koma med råd og innspel, men også ta opp saker på eige initiativ. FAU skal samarbeide med skulen si leiing og tilsette, elevrådet, kontaktlærer, resten av foreldregruppa ved skulen og kommunale representantar.

FAU oppfordrar alle føresette til å delta og nytte FAU aktivt, enten som representant eller på andre måtar. Saker som skal bli tatt opp kan meldast til dei enkelte representantane for dei ulike trinna, eller på FAU sin mail: fau.vangen.skule@gmail.com

Alle FAU representantane (og klassekontaktar) har teieplikt etter forvaltningslova §13. Teieplikta gjeld alle personlege forhold ein kan få kjennskap til om elevar, føresette, skulen sine tilsette og deira familie.

Ein kan lese meir om FAU på www.fug.no.

2. Val av representantar og organisering av FAU

Vangen skule sitt FAU har éin representant frå kvar klasse. Kvar representant vert valt inn for to år, unntatt 1. klasse som har eitt år. Kvar klasse har også ein vararepresentant for same periode. Nye FAU-representantar vert valde på foreldremøte på våren. Dersom ikkje det let seg gjera, må representantane veljast på anna måte helst i god tid før skulestart. Val av representant i 1. klasse skjer også på foreldremøte på våren, før skulestart.

På fyrste FAU-møte for nytt skuleår stiller avtroppande leiar og er med på møtet. FAU skal konstituera seg og fordela følgande roller:

- Leiar
- nestleiar
- kasserar
- sekretær

Kvar rolle vert valt for eitt år. Dersom nokre av dei som avsluttar perioden sin har ei av desse rollene, er det fint å lage ein plan for informasjon- og kompetanseoverføring.

Etter at FAU er konstituert må ein oppdatere informasjon i Brønnøysundregisteret.

Kvart klassetrinn har faste ansvarsområde som FAU-representanten må informere om i sin klasse. Desse ansvarsområda er oppsummert i vedlegg til vedtektene. Sjå også FAU sitt årshjul.



3. Arbeidsform i FAU?

FAU sitt arbeid skjer i all hovudsak i møter, med saksliste og referat. I tillegg har ein dialog og utvekslar dokumentasjon i ei Spond-gruppe. FAU har også ein eigen e-post, og Google Disk som fungerer som arkiv.

FAU har møte minimum fire gonger i året. Møteplan vert helst laga av leiar i slutten av kvart skuleår, eventuelt i fyrste møte i nytt skuleår.

Leiar lagar møteinnkalling for kvart møte basert på årshjulet og pågåande saker. Til dømes skal ein i fyrste møte gå gjennom, og ved behov revidera vedtekter og årshjulet. Dette tydeleggjer oppgåvefordelinga og ansvar for komande skuleår.

Rektor deltek på alle møta i regi av FAU, men siste del av møter kan ein ha utan rektor til stades.

FAU kan opprette ulike arbeidsgrupper som jobbar under FAU. Slike arbeidsgrupper kan bestå av FAU-representantar og andre foreldre alt etter behov. Slike grupper kan til dømes jobbe med tema som skulevurdering, bruk av data/skjerm i skulen, trafikktryggleik, informasjonstiltak, planarbeid, smarttelefonfribarndom og liknande.

FAU er vedtaksdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stades. Vedtak vert fatta med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltrøyst.

Endring i vedtekter krev 2/3 fleirtal blant dei frammøtte på eit FAU-møte. Framlegg til endringar må sendast ut saman med møteinnkallinga. FAU må årleg gå gjennom og ved behov revidere vedtektene.

Rolleskildringar:

Leiar:

- Kallar inn til og leier FAU-møta. Når referat frå møtet er ferdig sender leiar det til rektor som formidler det til alle foreldre via Transponder eller på anna eigna måte.
- Ta saker frå FAU vidare til skuleleiing eller vidare til høgare organ, dersom det er nødvendig i saka.
- FAU-leiar og nestleiar deltek på demokratidag/SU-dag.
- Lagar møteplan og utkast til neste års årshjul ved avslutting av skuleåret.
- Gir eventuelle uttaler til media på vegne av FAU eller delegerer dette til anna medlem i FAU.
- Ansvar for e-post og Disk tilknytt FAU, samt held orden på kven som har tilgang til dei ulike mappene i Google Disk eller SPOND.
- Dersom ulike arbeidsgrupper vert oppretta, halde seg oppdatert i arbeidet som skjer der.
- Avtrappande leiar er med på første FAU møte på hausten.

Nestleiar:

- Fungerer som stadfortredar når leiar ikkje kan møta.



- Er med på Demokrati/SU-dagen, evt. delegerer dette til eit anna medlem i FAU.
- Ved behov hjelper leiar , t.d. i å bringe saker vidare til skuleleiing eller høgare organ.

Kasserar:

- Halde oversikt over økonomien i FAU og ta ansvar ved utgifter eller innskot.
- Disponere FAU sin bankkonto
- Fører rekneskap med billag, inkludert årsrekneskap.
- Melde endring av FAU-medlemmer i Brønnøysundregisteret (Altinn).
- Halde orden i rekneskapsmappa

Sekretær:

- Samle inn kontaktinformasjon frå alle i FAU ved nytt skuleår.
- Ansvarleg for å skrive referat frå møta og sende det til leiar.
- Hjelp leiar og nestleiar ved behov.
- Rydde i og halde Google Disk oppdatert.

Dei andre representantane:

- Formidla saker frå sin klasse inn til FAU.
- Oppdatere klassekontakten på kva som skjer i FAU.
- Oppdatere føresette i sin klasse om kva som skjer i FAU.
- Fortelje om arbeid i FAU på foreldremøta
- Passe på at det vert valgt ny FAU representant i sin klasse i foreldremøtet våren, før nytt skuleår.

Desse vedtektene trer i kraft frå 25.2.2026 og erstattar tidlegare vedtekter.



Vedlegg - Hovudansvar til klassane sin representant:

1.klasse:

- Retningslinjer for bursdagsinvitasjoner og bursdagsgåver
- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

2.klasse:

- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

3.klasse:

- Arrangere 17.mai
- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

4.klasse:

- Arrangere karneval i Gryto for 3. og 4. klasse
- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

5.klasse:

- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

6.Klasse:

- Arrangere Halloweenfest for 5., 6. og 7. klasse
- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom

7.Klasse:

- Arrangere avslutningsfesten til elevane
- Felles målsetjing for smarttelefonfri barndom